



VANYLVEN KOMMUNE

Servicetorget

| | |
|----------------|------|
| SANDIE KOMMUNE | |
| TEK | RJE |
| 25 JAN 2013 | |
| 2013/22 | Q 32 |

Sande Fastlandssamband AS

v/Jostein Korsnes

6087 KVAMSØY

| Saksnr | Løpenr/Arkiv | Dykkar ref. | Avd/Saksansvarleg | Dato |
|-----------|----------------|-------------|-------------------|------------|
| 2012/1268 | 424/2013 / Q31 | | SER / KOLTER | 23.01.2013 |

MELDING OM VEDTAK

Sande Fastlandssamband - Oppstart av arbeid med kommunedelplan og framlegg til planprogram

Formannskapet handsama i møte den 22.01.2013 – sak 17/2013. Følgjande vedtak vart fatta:

I medhald av § 11-12 i Plan og bygningslova vedtek Vanylven formannskap at det kan oppstartast arbeid med utarbeiding av kommunedelplan for etablering av vegsamband Åram-Voksa-Kvamsøy .

I medhald av § 11-13 i Plan og bygningslova vedtek Vanylven formannskap å legge framlegg til planprogram for kommunedelplan for tiltaket ut til offentlig ettersyn, med justert framdriftsplan.

Formannskapet føreset at revisjon av planprogram etter høyringsrunden og utarbeiding av konsekvensutgreiing og kommunedelplanar for fastlandssambandet vert fullt ut dekt av Sande Fastlandssamband AS. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale om dette.

Saksutgreiinga ligg ved til orientering.

Rett utskrift:

Vanylven kommune

Kåre Kvangarsnes
Kåre Kvangarsnes

Konsulent

Kopi: Planleggar for oppfylgjing
Sande kommune, 6084 Larsnes

Postadresse:
Rådhuset
6143 FISKÅ

postmottak@vanylven.kommune.no
Telefon:
70030000

Telefaks:
70030009

http://www.vanylven.kommune.no
Org.nr
964 978 662
Bankgiro:
3972 07 00151



VANYLVEN KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

| | | |
|-----------------------------|----------------------|------------------------------------|
| <i>Saksnr:</i> 2012/1268 | <i>Arkiv:</i> Q31 | <i>Avd/Saksansv:</i> PLU/AARRAN |
|-----------------------------|----------------------|------------------------------------|

| | | |
|-------------------------------|-------------------------------|-------------------------------|
| Utvalsaksnr 17/2013 | Utval Formannskapet | Møtedato 22.01.2013 |
|-------------------------------|-------------------------------|-------------------------------|

Sande fastlandssamband - Oppstart av arbeid med kommunedelplan og framlegg til planprogram

Tilråding:

I medhald av § 11-12 i Plan og bygningslova vedtek Vanylven formannskap at det kan oppstartast arbeid med utarbeiding av kommunedelplan for etablering av vegsamband Åram-Voksa-Kvamsøy .

I medhald av § 11-13 i Plan og bygningslova vedtek Vanylven formannskap å legge framlegg til planprogram for kommunedelplan for tiltaket ut til offentlig ettersyn, med justert framdriftsplan.

Formannskapet føreset at revisjon av planprogram etter høyringsrunden og utarbeiding av konsekvensutgreiing og kommunedelplanar for fastlandssambandet vert fullt ut dekt av Sande Fastlandssamband AS. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale om dette.

Vedlegg

1 Planprogram for Sande fastlandssamband 29102012 - Teksthefte

Saksopplysningar:

På oppdrag frå Sande Fastlandssamband AS har Nordplan AS utarbeidd framlegg til planprogram for utarbeiding av Kommunedelplan for etablering av vegsamband Åram-Voksa-Kvamsøy.

Planprogrammet skal utleggast til offentleg ettersyn i min.6 veker og skal sendast til aktuelle høyringsinstansar og grunneigarar til uttale i samsvar med § 11-13 i Plan og bygningslova. Etter høyringsrunden skal endeleg planprogram skal fastsettast av Kommunestyret.

Det vert lagt opp til tilskiping av informasjons- og folkemøte saman med Sande kommune i høyringsperioden, med nærare orientering og informasjon om planprogram for tiltaket.

Planarbeidet er utført i privat regi og må innarbeidast i kommuneplanen.

Kommunedelplanen vil omfatte sjølve vegsambandet med tilliggande areal til vegføremål og anleggsbelte på Åram, Voksa og Kvamsøya.

Likelydande vedtak om oppstart av planarbeid må gjerast i Vanylven kommune. Kvar av kommunane syter for nødvendig varsling og kunngjering.

Ein føreset at Sande fastlandssamband AS tek kostnadane med vidare arbeid etter høyringa.

Av planprogrammet går det fram at fastlandssambandet skal utgreiast i 2 alternativ:

Alternativ 1: VOKSATUNELLEN. Tunnel frå Åram til Voksa kombinert med fyllingar og bru til Kvamsøy

Alternativ 2: KVAMSØYTUNELLEN. Tunell frå Åram til Kvamsøy med undersjøisk kryss og tunell til Voksa.

I planane inngår det 2 alternative tunellinnslag på Åram og 2 alternative tunellinnslag på Voksa som skal nærare vurderast. Dei alternative tunellinnsлага er like for begge hovudalternativa. Nærare detaljar for dei ulike alternativona går fram av vedlegg til saka.

Vurdering og konklusjon:

Etter plan- og bygningslova er det kommunen som har ansvaret for kommunedelplanar, og som skal bære kostnadane med gjennomføring av arbeidet med planprogram og konsekvensutgreiing. Kommunen har på noverande tidspunkt ikkje ressursar til dette og ein føreset derfor at Sande Fastlandssamband AS tek kostnadane med vidare arbeid etter høyringa, utarbeiding av konsekvensutgreiing og kommunedelplanar for tiltaket. Rådmannen bør få fullmakt til å inngå ein avtale om dette.

Planprosessen vil uansett medføre vesentleg arbeid for kommunen med lovfesta sakshandsaming av planprosessen, framskaffing av grunnlagsopplysningar og møteverksemd.

Ein føreset at skissert framdriftsplan i pkt.2.5 vert justert før utlegging til offentleg ettersyn

Vi rår til at varsel om oppstart av kommunedelplan med høyring av planprogram vert godkjent slik det går fram av framlegg til vedtak.

Fiskå, 14.01.2013

Gudmund Sandnes
rådmann

Randi Aarønæs
planleggar